

Utkast til forskrift:

Forskrift om tilsyn i bygningar, verksemdar m.m. i Lærdal kommune, Vestland

Dato	xxxxxxx
Trer i kraft	xxxxxxxxxxx
Gjelder for	Lærdal kommune, Vestland
Heimel	LOV-2002-06-14-20-§13
Kunngjort	xxxxxxx

Heimel: Fastsett av Lærdal kommunestyre xxxxxx, sak xxx/xx, med heimel i [lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets rednings - oppgåver \(brann- og eksplosjonsvernloven\) § 13](#) fjerde ledd.

§ 1. Formål

Forskrifta skal gjennom avgjerda om tilsyn bidra til å førebyggja brann og redusera konsekvensane av brann i nærmare bestemte bygningar som ikkje er omfatta av [brann- og eksplosjonsvernlovens](#) vedtekter om særskilte brannobjekt.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld i Lærdal kommune, og fastset kva bygningar i kommunen det lokale tilsynsmyndet vert gitt rett til å føra tilsyn med.

Tilsynet gjelder følgande objektkategoriar:

A: Bygningar i områder med verneverdig tett trehus be bygging og andre område der faren for brannspreiing mellom bygningar er stor.

B: Verksemdar med utleige i bygningar, og som ikkje er organisert som burettslag eller sameige.

C: Bueining med personar som fell innunder særskilt utsette personar når det gjeld å omkoma i brann, herunder og brukarar av tryggleiksalarm og personar som har behov for assistert rømming.

D. Serveringsstader som nyttar frityr, gass, grill eller andre koke- og steike innretningar som kan føra til auka brannrisiko.

§ 3. Gjennomføring av tilsyn

Tilsyn med bygningar som følger av [§ 2](#), vert gjennomført etter eigen særskilt risikovurdering på det enkelte objekt eller objektkategori. Tilsynet kan omfatta alle forhold av betydning for branntryggleiken, som; bygningsmessige, tekniske, utstyrsmessige og organisatoriske brannsikringstiltak og forhold av betydning for gjennomføring av brannsløkking og anna redningsinnsats.

§ 4. Pålegg

Kommunen/brannvesenet kan gi pålegg om retting av avvik i høve gjeldande lovgiving eller gjennomføring av naudsynte sikringstiltak i medhald av [brann- og eksplosjonsvernloven § 14](#).

§ 5. Klage

Vedtak bestemt av kommunen/brannvesenet etter delegert mynde kan påklagast i høve til [brann- og eksplosjonsvernloven § 41](#).

§ 6.Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft **xxxxxxx**.